



**Sunnhordland  
Kammerorkester  
og  
Musikklinn**  
Stord vidaregåande skule

Dirigent: Lars-Erik ter Jung

Solistar:

Maria Therese Bersås - sopran  
Synnøve Tollaas - alt  
Arne Kvarven - tenor  
Knut Stiklestad - bass  
Elevar frå Musikklinn

**J.M. Haydn:  
REQUIEM i c-moll**  
orkester og solistinnslag

Nysæter kyrkje  
Laurdag 12. mars kl.18.00

Bremnes kyrkje  
Søndag 13. mars kl. 17.00

Billettar: kr 250,- /stud. og pensj. 200,- /  
born under 16 år gratis

Sunnhordland  
Kammerorkester

Heidi Sande - 2000



**Johann Michael Haydn** (1737-1806), er den fem år yngre broren til meir kjende Joseph Haydn. Lik brørne sine Joseph og Johann Evangelist hadde han ei vakker sopranrøyst, og som 8-åring følgde han etter bror sin til Wien og korskulen i St. Stephanskatedralen. Her fekk han òg undervisning i fiolinspel, orgelspel og musikkteori.

I 1754 kjem den første kjende komposisjonen hans: *Missa in honorem Sanctissimae Trinitatis*. I 1757 fekk han si første stilling, først som strykar og i 1760 som kapellmeister hos erkebiskopen i Grosswardein (då i sørlege Ungarn, no Oradea i Romania).

I 1762 vart han tilsett som hoffmusikar (komponist) og konsertmeister hos **erkebiskopen i Salzburg, Sigismund von Schrattenbach**. I denne stillinga blei han verande resten av livet. Frå 1782 virka han òg som organist i Treeinigheitskyrkja i Salzburg. Denne stillinga overtok han etter Mozart, då Mozart hadde fått nok av småbylivet og erkebiskopen, og reist til Wien. Inntil då var Haydn og den 19 år yngre Mozart kollegaer og konkurrentar ved hoffet. Ein veit at Mozart i denne perioden kopierte fleire av komposisjonane til Haydn, det var gjerne slik ein best kunne lære seg handverket den gongen.

Tidleg i **1771** mister Haydn sitt einaste born, Aloysia Antonia, like før ho fyller eitt år. Seint same året døyir arbeidsgjevaren og venen hans, Erkebiskop Sigismundo. Han går straks i gang med å skrive eit rekviem, og etter ein intens 14-dagarsperiode er verket ***Requiem pro defuncto Archiepiscopo Sigismundo*** ferdig 31.12.1771.

Ein kan godt sjå fellestrekk mellom Michael Haydns rekviem frå 1771 og Mozarts meir kjende rekviem frå 1791. Mozart var tilsett ved hoffet i 1771 og blei då truleg kjend med verket som tilhøyrar eller utøvar. Han kan jo òg ha studert partituret, eller kanskje til og med kopiert delar av det på eit seinare tidspunkt. Ein kan sjølvsagt ikkje vite, men at Mozart har kjent verket godt, er heva over tvil.

Joseph Haydn sette kyrkjemusikken til bror sin svært høgt. Han meinte den var minst like god som hans eigen. Etter Joseph Haydns eget ønske vart brorens rekviem framført i gravferda hans i 1809.

PROGRAM:

**Giovanni Gabrieli (arr. av Eric Crees):**

**Canzon Noni Toni a 8, Sacrae Symphoniae - Venice, 1597**

Choir 1: Øyvind S. Hognestad - trompet, Ingvild Prestbø - kornett,  
Anne Mari Madsen - trombone, Torje G. Sylta - euphonium  
Choir 2: Vegard Morvik - trompet, Haakon Hansen - kornett,  
Ole Osland - trombone, Helga Raunholm – basstrombone  
Dirigent: Tone Christin L.Røssland

**Henryk Gorecki (1933 - 2010): 3 Pieces in Old Style**

Sunnhordland kammerorkester

**Astor Piazzolla (1921 - 1992) Oblivion**

Sunnhordland kammerorkester  
Solist: Tiril Eirunn Einarsdotter - fiolin

**The Hunger Games (arr: R Longfield)**

Sunnhordland kammerorkester

**Felix Mendelssohn Bartholdy:**

**"Ich harrete des Herrn", fra Lobgesang, op. 52.**

Anne-Linn Sekkingstad, Yngvild Furunes - sopraner  
Irene Simonsen - klaver

**Johann Michael Haydn: Requiem i c-moll**

Dirigent: Lars-Erik ter Jung  
Solistar: Maria Therese Bersås - sopran  
Synnøve Tollås - alt  
Arne Kvarven - tenor  
Knut Stiklestad - bass

Trompet: Haakon Hansen og Øyvind S. Hognestad

Euphonium: Jan Magne Olsen

Althorn: Birgitte Kaldefoss, Anne Mari Madtsen, Helga Raunholm

Pauke: Alf Eirik Fylkesnes

Musikklinekoret

Sunnhordland kammerorkester

**Sunnhordland kammerorkester** har som føremål å stimulera strykarmiljøet i regionen gjennom eit samarbeid over kommunegrensene. Kammerorkesteret er først og fremst eit tilbod til dei vidarekomne elevane ved kulturskulane og musikklinja ved Stord vidaregåande skule. Orkesteret består av ungdom, vaksne, amatørar og profesjonelle musikarar frå Sunnhordland. Våren 2016 har orkesteret 27 medlemer som kjem frå Stord, Kvinnherad, Bømlo, Etne og Sveio. Kammerorkesteret har base på Stord, men held konsertar i heile regionen, og gjerne saman med lokale musikarar og kor. Orkesteret blei starta i 1984 og har gjennom åra hatt mange flotte samarbeidsprosjekt saman med musikklinja. Vi kan nemna: "Messias" av Händel, "Carmina Burana" av Carl Orff, "Requiem" av Faurè, "Messe i G" av Schubert. Frå 1998 og fram til i dag har Lars-Erik ter Jung vore orkesteret sin faste dirigent.

**Lars-Erik ter Jung** har bak seg ein omfattande karriere som fiolinist, m.a. som konsertmeister i Bergen Filharmoniske orkester sidan tidleg på 1980-talet. Han er no ein ettertrakta dirigent, og arbeider med eit vidtfavnande repertoar med ulike ensembler. Han har dirigert ei rekkje symfoniske produksjonar rundt om, m.a. i Polen og Egypt, og fleire med Oslo Filharmoniske orkester. I ei årrekkje har han arbeidd med ulike kammerorkestre; Det Norske Kammerorkester, Trondheimsolistane og Svenska Kammarorkestern kan nemnast. Telemark Kammerorkester (TKO), som han er kunstnarleg leiar for, har dei seinare åra inntatt ein markant posisjon i norsk musikkliv, ikkje minst som bestiller av ny musikk. Etter ni år på rad med førjulsballett i Tromsø, har han og fleire av dei store ballettane på repertoaret, og gjennom sin tilknytning til operaen i Kristiansund, har han m.a. dirigert oppsetjingar av Puccinis "Madama Butterfly" og Donizettis "Lucia di Lammermoor". ter Jung har ei rekkje CD utgivingar bak seg både som fiolinist og dirigent, og fikk i 2013 Spelemannsprisen innan samtidsmusikk med ensemblet Asamisimasa. TKO lanserte 2. mars sin 5. CD med ter Jung som dirigent.

### **Sunnhordland kammerorkester våren 2016:**

#### **Fiolin**

Orlaug Evensen  
Sigurd Aadland  
Karl Otto Mikkelsen  
Kari Eide  
Vlastimir Belic  
Tiril E Einarsdotter  
Torstein Mikkelsen  
Vibeke Escher  
Christine S Bjørsvik  
Olena Pasichnyk  
Øystein Stautland  
Ingvald Espeland

Mauricio Weimar  
Alise Jonassen  
Sara Belic  
Johanne K Sortland  
Carina Chen Jonassen

#### **Bratsj**

Aleksandar Glisic  
Ingrid Grimstad  
Helge Heiberg-Andersen  
Petra Becker

#### **Cello**

Jarle Kristoffersen  
Åshild Grimstad  
Kjell Skarsfjord  
Gøril Skeie Sunde

#### **Bass**

Heike Geldner

#### **Piano**

Eli Haugan



### **Maria Therese Bersås - sopran**

Maria Therese Bersås fullførte master i song ved Norges Musikkhøgskole i februar 2016. Ho har Bachelor frå Griegakademiet i Bergen, der ho studerte under Hilde Haraldsen Sveen. I 2011 hadde ho sin operadebut for Den Nye Opera i Bergen i rollen som Jon Blund i Humperdincks *Hänsel und Gretel*. Ho har vore med i forestillinga *Før Soloppgang* av Tore Vagn Lid på Den Nasjonale Scene under Festspillene i Bergen. Maria er også veldig glad i å syngje kyrkjemusikk, og har vore solist i m.a. Juleoratoriet/Bach, Gloria/Vivaldi, Requiem/Rutter og Messias/Händel. Ho har hatt songtimar og/eller delteke i masterclass med mange ettertrakta lærarar, m.a. Susanna Eken, Barbara Bonney, Anne Margrethe Dahl, Solveig Kringlebotn, Kirsten Buhl Møller, Randi Stene og Bo Skovhus.

### **Synnøve Tollaas - alt**

Synnøve Tollaas er fødd i Ålesund. Utdanninga si har ho frå Universitetet i Oslo og Barratt Dues Musikkinstitut, med Anne Brown som lærar. Ho har arbeidd som songar, songpedagog og kordirigent i Midt-Norge og Bergen før ho starta på musikklinja på Stord vidaregående skule. Her på Stord er ho mest kjend som kordirigent.

### **Arne Kvarven - tenor**

Arne Kvarven er fødd og oppvaksen på Bømlo. Han starta i tidleg alder å syngje og blei tatt opp i Griegakademiet sitt talentutviklingsprogram "Unge Musikarar" der han fekk songundervisning hjå professor Harald Bjørkøy samtidig som han var elev på Musikklinja. I 2011 hadde han hovudrolla i musikalen "Spelemann på taket" sett opp av Musikklinja i Stord kulturhus. Etter dette tok han bachelorutdanning i klassisk song på Griegakademiet i Bergen. I 2013 var han solist i Händel sin "Messias", sett opp av Sunnhordland kammerorkester og Musikklinja, og vann fyrste plass i den internasjonale konkurransen NINA SOLO Competition. Hausten 2014 song Kvarven tenorsolistpartiet i Mozart sitt "Requiem" saman med Stordkoret. Hausten 2015 song han tenorpartiet i Bach sitt juleoratorium også her med Stordkoret.

### **Knut Stiklestad - bass**

Oppvaksen i Sul i Verdal. Har spelt på operascenar i Frankrike, Belgia og Nederland, på Den Norske Opera, samt på dei fleste norske distriktsoperascenar. Har over 50 ulike operarollar på repertoaret. Blant desse er Sarastro i *Tryllefløyten*, Gremin i *Eugen Onegin*, Kommandanten i *Don Giovanni*, Arkel i *Pelleas et Melisande*, Enrico (Henrik VIII) i *Anna Bolena* og Sparafucile i *Rigoletto*. Konsertar i m.a. Belgia, Latvia, Serbia, Sverige og Island. Har eit stort repertoar innan kyrkjemusikk, både dei store oratoria (bl.a. Messias, Skapelsen, Johannespasjonen (Bach og Pärt) og nyare kyrkjemusikk. Songar/lieder: Vekt på norsk og nordisk, men også m.a. Schubert, Wolf, Brahms og Dvorak. CD-innspelningar: Songar av Knut Hamsun/Marcus Paus, CD med musikk av Paul Okkenhaug, Religiøse folketonar frå Trøndelag. Peer Gynt - innspeling med Malmö Symfoniorkester.

## Musikklinekoret

### Sopran

Malene Bjørsvik

Julie-Lin T. Syltevik

Ingvild Prestbø

Ingrid Førland

Thea A. Thorkildsen

Nora Nikolaisen

Margrethe Thuestad

Emma R. Sele

Anne-Linn Sekkingstad

Hermine F. Pedersen

Guro Rimmereid

Marion Belsvik

Julie Grindheim

Kristin Sagstad

Sigrid Gunnarsjå

Hilde Skaar

### Alt

Anna-Christin Eskeland

Maria Karlsen

Kristine Stolt-Nielsen

Kamilla Kristiansen

Melissa M. B. Dahl

Helene R. Eriksen

Aurora T. Berg

Yngvild B. Furunes

Erin A. Sele

Hanna Eikeland

Andrea S. McMillan

Kaja Magnussen

Ita-Dora Amoi

Maren H. Eggøy

Brita Angelteit

### Tenor

Leonard B. Waage

Svein L. Næsse

Øyvind Kleppe

Henrik S. Epland

Preben Betten

Vincent B. Veivåg

Morten E. Stokke

Vegard Morvik

Anders Kannelønning

Lars Halvard Isdal

Torje G. Sylta

### Bass

Marius Sjø

Ruben Betten

Jon Bruno Tjøsvoll

Johannes Teetzmann

Anders Johannessen

Henrik N. Vatlø

Markus Farestveit

Stian Onarheim

Amund B. Waage

Samuel R. Gardner

Ole Osland

Arvid Ekberg

### Kordirigentar:

Synnøve Tollaas

Irene Simonsen



Tusen takk til alle sponsorar:

**Tysnes Blomster & interiør**

**Annes Klær AS Tysnes**

**APPLY TB**

**Fylkesnes Bil AS**

**Stord Hotel Drift AS**

**Bømlo Dyreklinikk**

**Palantir**

**Interoptik Sele**

**Dimmelsvik Bil**

**Lækjar Finn Gunnar Ottesen**

**Sunnhordland Trafikkopplæring AS**

**Sport 1 Stord AS**

**Tannlege Anette Mjøs**

**Tannlege Øen**

**Rema 1000 Heiane**

**Engelsen Bygg AS**

**Tannhelsehuset Kildahl**

**Amfi Stord**


ADVOKATANE  
HALDOR TVEIT AUDVALD KVAMME KARL A. HORNELAND  
I KONTORFELLESSKAP  
Advokat Julianne Sellgren  
boks 226, 5402 Stord  
tlf. 53402440

**FRONTA**

**KVÆRNER™**



AASEN SHIPPING



**HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND**



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**